




## Bjørgum skule

*Visjon - Skulen skal gje kunnskap og kompetanse til elevane, slik at dei kan ta kloke val og meistra livet sitt på ein god måte, no og i framtida.*



### Dagens organisering



1 Kjelde: SSB og Udir

Skuleår	14/15	24/25	30/31	45/46	Endring
<b>Elevtal</b>	146	128	107	80	-37,5%
<b>Kapasitet</b>	Normal: 142		Maks: 158		
<b>Kapasitetsutnytting av normal kapasitet</b>		90%	75%	56%	
<b>Gjennomsnitt klassestorleik</b>	22,7	18,2	15,3	11,4	
<b>Gruppestørrelse 1. – 4. trinn (Norm 15)</b>	11,93	14,59			
<b>Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)</b>	15,64	12,58			
<b>Tal barn i SFO</b>	55 (33 barn har 100% plass)				

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtal i 2045 (i prosent)

### Bemannning


Årsverk leiarressurs	100% (133% i tildelinga)
Årsverk lærarressurs	967% 11.75 årsverk inkl leiing skuleåret 24/25



<b>Median alder, tilsette</b>	49
<b>Kompetansebehov – Kva manglar me?</b>	Me har mange allmennlærarar/1.-7. Lærarar og har den kompetansen me treng. Nokon manglar enkelte basisfag når krava om studiepoeng i basisfaga trer inn.

## Økonomi

Rekneskap 2023	14 213 838,-
Rekneskap 2024	14 918 480,-
Budsjett 2024	14 918 480
Budsjett 2024, utan SFO	13 521 839
Rekneskap 2024, utan SFO	14 143 682



Gjennomsnitts kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som har eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

## Bygningsmasse

<b>Byggjeår</b>	1964 og 1989		
<b>Bruksareal</b>	2146 m <sup>2</sup>		
	Teknisk tilstand	Funksjonelt eigna	Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta fra tabell 3-3 rapport fra Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

## Andre tilhøve


Avstand til Vossevangen	8,6 km.
Avstand til Granvin barne- og ungdomsskule	18,6 km.
Tilhøve ved skulevegen	Tilkomst via gang og sykkelveg. Skuleåret 2024-2025 hadde 17% skuleskyss
Særlege tilhøve ved skulen	<b>Praktisk læring på Bjørgum:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulekjøkken. Har samarbeid med bygdekvinnelaget i høve matsvinn som del av undervisningar i mat og helsefaget</li> <li>- Skulen har ikkje tekstil- eller sløydsal. Dei har symaskiner og sløydbenkar, som vert nytta ute</li> <li>- Dei nyttar verktøy som «Lego-spike» og «Education Sphero bolt» som del av undervisninga.</li> <li>- Gapahuk i Istadskogen kring 1,5 km. frå skulen. Denne er under oppbygging i samarbeid med FAU.</li> <li>- For komande skuleår planlegg dei oppstart av skulehage</li> </ul>



### Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Bjørgamarka- og Mørnshaugen barnehage
Tilknyting til andre tenester	Ligg i tilknyting til idrettsanlegget til Bjørgum IL.
Bustad og næring	Ligg i tettbygd bustadområde, innerst i Bjørgamarka, med noko jordbruksområde rundt.

### Kartutsnitt skulekrins



### Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre og tilsette

#### Innspel frå elevrådet

Korleis hadde de vore for dykk å byrje i Granvin i staden for på Voss ungdomsskule?

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"><li>Dette kunne vore bra for Granvin</li><li>Det hadde vorte mindre fullt ved Voss ungdomsskule</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Lenger reiseveg for dei fleste elevane</li><li>Har lyst til å bli kjent med fleire ungdommar</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire lærarar og derav fleire fag ved Voss ungdomsskule</li><li>• Dersom det kjem store klassar frå Bjørgum vert det for mange i ein klasse i Granvin</li></ul>
--	--

Elevane i 5.-7. klasse ynskjer ikkje at elevane frå Bjørgum skal byrja på ungdomsskulen i Granvin.

Dei yngre elevane er meir positive til å byrja på ungdomsskulen i Granvin.

**Korleis hadde de vore for dykk å bli slått saman med ein annan skule, eller byrja på ein ny og større skule?**

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none"><li>• Me kunne fått fleire faglærarar</li><li>• Får sjansen til å bli kjent med fleire elevar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Store naturinngrep</li><li>• Skulen kan bli for stor</li><li>• Ikkje så fine uteområde som me har på Bjørgum no</li></ul>

Dei yngste elevane er meir tydleg på at dei ynskjer å ha barneskulen på Bjørgum slik han er no

### Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

FAU ved Bjørgum har kun gjeve innspel om skulegang på ungdomstrinnet for deira elevar, Voss ungdomsskule eller Granvin barne- og ungdomsskule. Dei andre innspela kjem frå tilsette ved skulen.

### Dette er med nøgde med

- Ein har fire gode klasserom. God klassesstorleik og lærartettleik
- Godt tur- og uteområde, samt idrettsplass ved skulen. Dette gjev moglegheiter for uteskule og undervisning i naturen. Lett å kopla praktisk undervisning til lokalsamfunnet.
- Kompetente og fleksible tilsette med ei god blanding av menn og kvinner.
- Tverrfagleg samarbeid og samlingar
- Musikkbinge og moglegheit til å variera mellom bøker og digitale læreflatar
- Dei aller fleste elevane har ein trygg skuleveg, så det er få elevar med skyss
- Godt samarbeid med FAU, lokalmiljø og heimane

### Forbetningsområde

- Den nyaste delen av skulen kan vera utfordrande å få til funksjonelle klasserom.
- Manglar solskjerming
- Nytt kjøkken til mat og helse
- Ynskjeleg med sløysdal

### Skulen i lokalsamfunnet

- Skulen og idrettsplassen er knutepunktet i grenda



## Styrka skulane i grendene – Elevane frå Bjørgum skule får sin ungdomsskulegang ved Granvin barne- og ungdomsskule

Fordelar	Ulempar
<ul style="list-style-type: none"><li>Mindre og meir oversiktlege klassar mod moglegheit for tettare oppfølging frå lærar</li><li>Mindre skulemiljø vert opplevd som meir oversiktleg og trygt, med mindre uro og negativ åferd enn kva det opplevast på ungdomsskulen (på vangen) no.</li><li>Fleire foreldre uttrykker uro over miljø på Voss ungdomsskule, noko som gjer Granvin til eit attraktivt val</li><li>Kan bli mindre omveltande å koma frå ein liten barneskule til ein liten ungdomsskule</li><li>Større moglegheit for at elevane får halde fram med i same klasse</li><li>Skulen i Granvin har eit god uteområde med nærliek til idrettsanlegg og friluftsområde</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>Uro for at elevane får eit dårlegare fagleg tilbod i Granvin, i høve tilgang på lærarar med rett kompetanse</li><li>Avgrensa tilbod om valfag og språk</li><li>Lenger reiseveg for mange elevar</li><li>Dårlegare kollektiv tilbod kan gjera logistikken meir krevjande. Til dømes ved time hjå tannlege, BUP, lege eller PPT</li><li>Mange elevar har fritidsaktivitetar på Vangen, meir reising om mindre tid til lekser</li><li>Eit mindre elevmiljø gjev færre sosiale valmoglegheiter. Kan vera vanskeleg å finna venar og danne relasjonar</li><li>Kan vera utfordrande for elevar som treng ein ny sosial start.</li><li>Dårleg kollektivtilbod og mangel på møteplassar kan svekka samhaldet etter skuletid. Dette kan potensielt vera negativt og skule- og læringsmiljøet.</li><li>Uro for at dette kan skremme vekk tilflyttarar, som heller vil vere knytt til Vangen</li></ul>

Over ser du FAU ved Bjørgum skule sine syn på fordelar og ulempar, dersom elevane frå Bjørgum skal få sin ungdomsskulegang i Granvin i standen for på Vangen. I tillegg framhevar FAU følgjande:

- Viktig at skulekrinsen ikkje vert delt, slik at nokre elevar frå Bjørgum byrjar på ungdomsskulen på Vangen medan andre i Granvin. Dei ynskjer heller ikkje fritt skuleval for ungdomsskulane.
- Viktig at tilboda vert fagleg likestilte
- Det er motstand mot å byrja i Granvin blant foreldra til dei eldre elevane. Det er ynskje om at ei endring ikkje trer i kraft for elevar som dag går i 4. trinn og oppover.